



## **VELKOMMEN SOM MEDARBEIDAR PÅ DYRSKU'N**

Dyrsku'n legg stor vekt på at vi alle er ein del av vertskapet og at alle ledd er like viktig for å sikre gode opplevingar av besøket på Dyrsku'n.

Våre gjester skal bli møtt av eit løysingsorientert og hyggeleg vertskap!

Alle er tannhjul i det store samarbeidsprosjektet Dyrsku'n. Det å vera gode ambassadørar er derfor viktig for at vårt publikum vil koma tilbake til Seljord.

Positivitet og smil smittar!

### **VAKT, PARKERING OG INNSJEKK**

- Møt i god tid og forberedt til oppgåva - [les instruksen](#). Du skal vera klar på post når oppgåva di tek til.
- Dugnadsmannskap får fri parkering. Innkøyring skjer frå E134 i Nordbygdi. Følg skilt og tilvising frå vakter. Parkering på andre parkeringsområde medfører ordinær betaling.
- Du sjekkar inn via innsjekkpunkt til venstre for Hovudporten. Du er på betala oppdrag for Dyrsku'n, derfor forventar vi at du møter godt forberedt til oppgåva. Set deg inn i kor du skal jobbe - instruksen for oppgåva **SKAL** vera lest på førehand – endringar kan ha skjedd sidan sist du hadde oppgåva.

### **VERTSKAP OG TRIVSEL**

- Møt gjestene våre med smil og positivitet – uansett gjestens humør.
- For å kunne svare på spørsmål frå publikum – bruk vertskapsboka og Dyrskuappen som eit oppslagsverk. Boka får du ved innsjekk eller på informasjonen.
- Dyrsku'n gjennomfører kjeldesortering av avfall. Det er forventa at du plukkar med deg det du går forbi av rot og søppel. Meld frå til drift ved større mengder.
- Er det episodar som skaper uro og problem – ro ned situasjonen og kontakt din overordna eller vaktene på plassen.
- Ser du personar som treng hjelp frå sanitet eller politi skal du hjelpe til.
- Informasjonen er møteplass for born som har kome bort frå foreldra.

### **HMS/INTERNKONTROLL**

- Dyrsku'n Arrangement AS har eit etablert HMS system og alle skader på personell eller utstyr skal rapporterast til HMS koordinator Unni Eek eller vakt- og beredskapsleiar Nils Tore Haugland.
- Avvik blir registrert og følgt opp.
- Alle leiarar er ansvarleg for å rapportere uhell/ulykker. Oppdagar du andre uheldige forhold på din arbeidspost eller på Dyrskuplassen generelt – meld frå.



## **BEREDSKAP OG TRYGGLEIK**

- Alle medarbeidarar er med i beredskapsorganisasjon for Dyrsku'n, og alle må ha fokus på å førebygge ulykker og vera budd på å bidra dersom det skjer alvorlege hendingar.
- Dyrsku'n har utarbeida ein strukturert beredskapsplan. Nøkkelmannskap må kjenne til denne, og setta vaktmannskapet inn i planen.

## **VIKTIGE TELEFONAR**

Alle Dyrsku-medarbeiderar må kjenne til kvar eller korleis ein kjem i kontakt med lege, ambulanse, brann og politi. Bruk vertskapsboka som oppslag. Dei som har radio melder direkte på denne, andre kan ringe;

**Brann Nødnummer** **110**

**Politi Nødnummer** **112**

**Ambulanse Nødnummer** **113**

**Brannvernleiar** **91 54 59 99**

**Vakt/beredskapsleiar** **41 68 81 80**

**Haugland**

**HMS-koordinator** **97 06 34 34**

**Vakt- og Beredskapsansvarleg** **90 65 10 11**

**Espedalen**

**Prosjektleiar Dyrsku'n** **91 75 13 90**

**Driftsleiar** **95 10 63 33**

**Dyrsku'n sentralbord** **35 06 57 70**

**Kjetil Hagen**

**Nils Tore**

**Unni Eek**

**Geir Helge**

**Marit Mæland**

**Morten O. Dyrud**

**Politi** **02800**

**Legevakt** **116117**

**Trivsel og samhandling - Dyrsku'n 2023! 😊**